

Byggjer identitet og nettverk

– Då må eg i allfall få snakka om Julebygdspelet, seier Siv-Grete Lea. Ho er i utgangspunktet ikkje så begeistra for å snakka om seg sjølv, men Julebygdspelet vil ho gjerne snakka om.

BORGHILD GUDMESTAD

tekst og foto

Siv-Grete Lea tar imot Sandnesposten i tunet på Lea i Julebygda. Haustlaua ligg fargerike rundt dei fire bygningane på det gamle gardstunet. I sommar blei ho og familién ferdig med dei flotta lokalane i den gamle løa på garden. Her feira ho og ektemannen dobbel 50-årsdag i sommar. Dei har tre hus på garden. Det siste dei pussa opp var løa, medan jærhuset blir det neste.

Løa er pussa opp, og det er gjort skikkeleg. Gamle familiefoto heng ved inngangen. Dei nye lokalane er blitt ein stad der det lokale korpsset, Julebygda Brass, også har øvingane sine.

Nye grep

Lea har eit stort engasjement, og noko av det ho bruker mykje tid på i fritida er Julebygdspelet, der ho er PR-ansvarleg. Ho har vore med i styret sidan i 2010. Då Arnt Olav Klippenberg presenterte historia om den jødiske familién som søker opphold og jobb i Noreg blei ho og dei andre rørde og betatt. Stykket utfordrar haldningane våre, og den årlege framsyninga er blitt svært populært i distriktet.

– Me gjer nye grep kvart år for å gjera ting betre med Julebygdspelet, fortel Lea.

Styret har lagt eige motto for spelet og for stiftelsen. Spelet har alltid vore bygd på verdiane kjærleik, forsoning og varme, og i større grad enn tidlegare er dette i fokus. Spelet jobbar stadig med å knyta til seg nye kontaktar og sponsorar. Sjølv stiftelsen har mottoet mot, kompetansebygging og gjennomføringsevne. Enkelte sponsorar har kjøpt opp heile framsyninga, der fleire av bilettane går til nokre som har glede av dei, og som kanskje ikkje hadde gått på spelet dersom dei ikkje hadde fått billett.

Verdiformidling

– Me er ein non-profit stiftelse, men ønskjer å fokusera på verdiane i spelet. Spelet vil generere gode verdiar som skal strekkja seg lengre enn sjølve spelet, fortel Lea.

– Det er ikkje vanskeleg å få folk med til å bidra med ulike oppgåver i Julebygdspelet. Rundt 100 personar i bygda er involverte i spelet på ulike måtar. Spelet blir berekraftig når me får med både folk og sponsorar.



ENGASJERT: Som PR-ansvarleg bruker Siv-Grete Lea mykje av fritida si på Julebygdspelet. Spelet har blitt ein identitetsbyggjar.

Den lokale innsatsen har sett bygda meir på kartet.

– Har spelet blitt ein viktig identitet for Julebygda?

– Spelet har blitt ein identitetsbyggjar. Mange seier heller dei kjem frå Julebygda enn Malmheim, smiler ho.

Ho opplever at mange er stolte av Julebygdspelet og bygda. Sjølv har ho alltid hatt eit stort hjarte for bygda som ho har vakse opp i.

Jobbskifte

Julebygd-entusiasten har jobbskifte på gang, men meir vil ho ikkje ropa om dette ennå. Ho har for det meste hatt leiarjobbar i ulike bedrifter. Kva eventuell ny jobb for henne skal bli er det heilt umogleg å få ut av henne.

– Eg interesser meg veldig for leiingsspørsmål, og reiser ofte på foredrag og møter.

ter som handlar om leiing og kompetanseheving.

Lea har vore leiar for bedrifter som Viikeså Trevarefabrikk, Engasjement Lea AS, Gjesdal Mobelfabrikk og Render AS.

Ho elskar å jobba med nettverk. Ho har også fått svært gode venner på denne måten.

– Å jobba med nettverk, du opplever det ikkje overfladisk av og til?

Ho ler medan ho ristar på hovudet.

– Nei, det er kanonkjekt! Eg går på foredrag og møte og treff kjekke folk. Eg liker å kopla folk.

Sjølv har ho fått venner som sidan har blitt familievenner. Dei har blitt ein større familiegjeng som har klart å møta kvarandre ti gonger gjennom eitt år.

Travelt

Øvingane til Julebygdspelet er i gang på sku-

len. Dei som hadde hovudrollene i fjor har også hovudrollene i år. Nyleg var fleire av aktørane og spelte inn ein reklamefilm som skal rulla over kinoane i distriktet nokre veeker før sjølv spelet startar.

Kvar onsdag badar Lea i sjøen. Ho er ei av fleire damer i «DIFF (Damer i fri flyt)», som haust og vinter tar seg eit bad på Ølbergstrand.

– Me er ei open gruppe, og fleire er hjartelag velkomne. Og det hjelper viss damene er litt galne, inviterer ho.

Ungane i familién på Lea har vore aktive i det lokale korpsset, noko foreldra også har involvert seg i, og der Lea har hatt ulike oppgåver.

– Me har hatt stor glede av dette, seier ho.

Neste helg skal ho på «Bli ny helg» i Oslo. Det er ei gave ho fekk til femtiårsdagen.

– Eg gler meg ein heil haug!

O JULEBORDCRUISE MED DIN GLEDE

Smakfullt julebord, juleshopping til tax free-priser, forrykende musikalsk show og litt ekstra luksus.
Bestill i dag!

2-DØGNS CRUISE FRA 499,- per person

fjordline.com

BERGEN | STAVANGER | HIRTSHALS

*Pris for overfart Bergen - Stavanger - Hirtshals - Langesund t/r, 2-sengs innvendig lugar, drivstofftillegg, skatter og avgifter. Tillegg for andre lugartyper/singellugar og julebordbuffet. Begrenset antall plasser. Forbehold om trykfeil.

En følelse du bare kan oppleve i en DUX-seng

DUXIANA®

DUXIANA Stavanger, Kongsgaten 28.
Telefon 51 89 10 70. www.duxiana.no